



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Trygve Hillestad, 5557 2108

Vår dato  
10.04.2014  
Dykkar dato  
«REFDATO»

Vår referanse  
2014/2418 350  
Dykkar referanse  
«REF»

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Oversending av endeleg rapport etter tilsyn med samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Radøy kommune**

Fylkesmannen viser til tilsynsbesøk i Radøy kommune 25. mars 2014. Innleiingsvis vil vi takke for god mottaking og konstruktive samtaler på tilsynsdagen. Det er gledeleg at så mange personar med beredskapsansvar møtte både til opnings- og sluttmøta.

Vedlagt følgjer tilsynsrapporten slik vi var samde om på sluttmøtet 7. april 2014. I tilsynet fann Fylkesmannen ingen avvik eller merknader.

Vi minner om at tilsynsrapporten ikkje gjev ei fullstendig tilstandsvurdering av kommunens samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeid, men berre tek føre seg dei avgrensa områda det vart ført tilsyn med.

Fylkesmannens hovudinstrykk er at samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet er godt forankra i kommuneleiinga både på politisk og administrativt nivå, og at det arbeidast konstruktivt og med stort engasjement innan området i kommunen. Radøy kommune oppdaterte den heilskaplege ROS-analysen i 2013, og har med det eit godt grunnlag for det vidare samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet.

Heilt til slutt ønskjer vi lukke til med det vidare arbeidet innan samfunnstryggleik og beredskap, og minner om at vi gjerne står til rådvelde med informasjon og rettleiing.

Med helsing

Arve Meidell e.f.  
fylkesberedskapssjef

Trygve Hillestad  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB)

Postboks 2014 3103 Tønsberg